



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 3

Juni 1980

34. årg.

Familieweekend



Nøgne vaksdølinga på familieweekend på Kvamsæter.

Eg vil få lov å koma med nokre tankar og minner frå familieweekenden til Kvamsæter 21.—23. mars. Då vi reiste heimefrå, var vi spente på korleis det ville verta, men då været

synte seg frå si beste side og etter kvart som vi nærma oss reisemålet, gjekk spenninga over i glede for at vi skulle få lov til å samlast slik. Tenk å få dele Guds ord saman og samstun-

des få høve til å slappe av i naturen, og over ein kopp kaffi i peisestova.

Det var godt å sjå kor fort borna fann seg til rettes med kvarandre, hoppestricket kom fram og leiken var i full gang.

Etter kveldsmat første dagen vart det samling for borna i peisestova, der var det sang og forteljingar frå Bibelen. Etter at borna hadde lagt seg, var det oss vaksne sin tur med lysbilete og skriftlesing til saman med god sang og musikk.

Lørdag etter frukost var det først samling med lysbilete-andakt over bibelordet «Eg er vegen, sanninga og livet.» Etter dette bar det ut på ski i sol frå klår himmel, og når middagen var fortært, var det familierennet som sto for tur, ein uhøgtidleg konkurranse på ski. Det vart lagt opp til å fullføre ei løype, med ulike testar undervegs utan tidspress.

Etter kveldsmaten var det underhaldning med «medaljedyrss» etter skirennnet. Vi hadde song, musikk, gjekk marsj og synte film blant anna. Så vart det pølsefest til stor glede for vaksne (mest kanskje) og born. Seinare vart det kaffi og kaker på oss vaksne. Og så gjekk praten over ein kopp kaffi, både om kvardagslege ting og om åndelege emner. Etter kvart som vi vart meir kjente, kunne samtalan verkeleg vera eit vitnemål og ei hjelp for oss. For det er godt å sjå kor mykje vi har felles når vi samlast slik. Eg vil også få minna om kva Herrens ord seier om slike samtalar i Malaki 3,16: «Dei som har age for Herren, tala då saman og Herren lydte etter og høyrde kva dei sa.» Og dette at borna våre kan sjå at det er fleire kristne familier enn heimen, og

at dei ser at dei ikkje er åleine om å ha det slik. Vi vaksne har også godt av å samlast med likesinna og verkeleg gle oss saman, noko vi og gjorde, vi som har så mykje å vera glade for.

Søndag var det familiegudsteneste i kapellet ved Steinnes. Til den hadde borna danna barnekor og song for oss. Dei hadde også laga teikningar som vart brukt under talen, for å gjera den klårare for oss. Barn og vaksne hadde ei god stund der. Så var det ut på ski att, og etter middag vart det pakking og avslutning, med val av ny komite for neste års tilskiping. Eg vonar vi skal få møtast att då også i same ånda. Eg vil også få takka betjening for god service under opphaldet.

Helsing

Ottar Dalseid m/ familie

Ferie for prestane

Res.kap. Lofthus har ferie frå 10.6. til 30.6. og frå 12.8. til 18.8.

Sokneprest Steinnes har ferie frå 8.7. til 4.8.

Prestane vikarierar for kvarandre i ferietida.

Telefonnr. til prestane er:

Sokneprest 396120

Res.kap. 397088

Ein finn tilf.nr. under «Kyrkja» i telefonkatalogen.

Vatnet fryr i Bergsdalen kyrkje

I det siste soknerådsmøtet i Bergsdalen vart det sagt at dei ikkje har vatn i kyrkja om vinteren. Saka er at ein har fått lagt rørledningar frå skulen til kyrkja, men i desse fryr vatnet. Dette er til stor ulempe for dei som skal bruka kyrkja. Soknerådet vart samd i å kontakta kommunen for å få ein reparasjon.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Dagfinn Lofthus

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle

og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 15,00 for året.

Eksped. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S

5610 Øystese. — Tfn. 55045

Tanker over pretekster

Noen kristne forbereder seg til søndagens preken ved å lese teksten på forhånd (den står i «Den syvende sans»). Dette kan være nyttige. I det følgende vil jeg samle noen tanker over forskjellige pretekster, til dels i versets form.

8. juni: Luk. 12,13-21. Evig og forgjengelig rikdom. Hvilket aktuelt budskap til Norge, en av verdens rikeste nasjoner, en oljestat som kan bryske seg med olje fra havets bunn. Glem ikke at Herren eier Nordsjøen, Herren eier fiskene og Herren eier oljen! Til lignelsen om den rike bonden som samlet i sine lader og glemte Gud:

Dette er dårens kvad:

Et, drikk og vær glad.

Tenk ikke mer på Gud,
vær verdens trofast brud.

Du som er rik i Gud
er Jesu sanne brud,
arving til Guds rike
som aldri bort skal vike.

15. juni: Luk. 19,1-10. Den fantastiske fortelling om Sakkeus som ville

se Jesus og som ble omvendt ved Jesu makt og kjærlighet.

Den som stjal
skal ikke lenger stjele.
For Jesus vil bli i ditt hus!

22. juni: Jes. 65,1-2.

Herren er å finne
for dem som ikke søker:
Se, her er jeg.
Du søker ikke frelsen,
men frelsen søker deg:
Se, her er jeg, her er jeg.

29. juni: Joh. 8,2-11.

Jeg fordømmer deg ikke.
Kvinnen sto der dømt og ferdig.
Ingen kastet sten.
Ingen var til dette verdig.
Ingen var så ren.

Ordet fra den rene kom:
«Jeg fordømmer ikke deg.»
Hun som var bestemt til dom
gikk salig bort sin vei.
Nåden gir oss fred.
Syndens lønn er døden (Rom. 6,23).
Herren for oss stred
og betalte brøden.

6. juli: Matt. 16,13-20. Peters store bekjennelse.

Troen er ikke lønnen
for vår søken etter Gud,
men en gave fra Faderen og
Sønnen
til Jesu brud.

13. juli: Matt. 16,24-27. Den falske søken her i verden.

Om du lykken finner,
om du verden vinner,
men taper hjertets ro
og din dyre tro,
da vil du bare vinne
slikt som snart skal svinne.

«For hva gagnar det et menneske om han vinner den hele verden, men tar skade på sin sjel?» D.L.

Stanghelle Søndagsskole 75-årsjubileum til høsten

Nærmere bestemt den 13. og 14. september vil vi i Stanghelle søndagsskole markere at det er gått 75 år siden dette grunnleggende «menighetsseminaret» startet sitt løfterike virke blant stedets barn. Søndagsskolearbeidere v/ formann Gunnar Rene var samlet til et forberedende første møte på Stanghelle nye praktiske Bedehus, den 20. mars. Det hersket da her full enighet om bl.a. det helt nødvendige i, for dagens samfunn, å satse maksimalt blant barna, og også ved hjelp av 75-årsjubileet å understreke og markere denne vilje. I det vi måtte erkjenne for oss selv at vi virkelig har noe å «fare med». Vi har «det eneste nødvendige» for barn og voksne og den gråhårede med. Der er «bare ett navn gitt under himmelen ved hvilket vi kan bli frelst». I dette navn og til dette navn er våre barn døpt. Søndagsskolen er da opptatt av dette ene: Vi må bli frelst! Det kom noe godt fra Nazaret! Intet fra Rom! Snart kan det være kun i søndagsskolen at dette «enestående» blir berettet om i noenlunde forståelige former. Går det som i Sverige, så har vi derfra troverdige kilder, som hevder at kristendomstimene nettopp er «verre enn ingenting». Der finnes i dag både store og gode ting, å, ja også svært meget dårlige og simple ting som både bevisst og ubevisst vil «drukne» dette eneste Gode, dette Enestående, som vi vet ikke er av denne verden. Gjør ikke det! Det henger tunge trusler over alt slikt. Derfor vil vi gjerne lage litt «blest om oss selv», nei, forresten ikke oss, men om søndagsskolens Høye Beskytter:

Himmelens og Jordens Herre. Til jubileet vil vi derfor innby til en fest omkring «disse ting» og vi vil innby Kretskontorets personale og prestegjeldets prester og søndagsskolearbeidere og alle foreldre, men også alle som er glad i søndagsskolens virke er velkommen. *Søndag den 14. september er da Barnas Dag.* Vi vil danne et opptog fra folkeskolen og gå om Lågaskaret til Bedehuset. Her blir det en «utvidet time» søndagsskole, med sang og musikk. Siden på dagen har vi en festlighet for barna med «kaker og brus».

Vi vil nedbede Herrens velsignelse over alt ærlig åndens og håndens virke!

For søndagsskolen

Gunnar Rene Bj. Kydland (sekr.)

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Tlf. Dalekvam 39 61 61
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

Velkommen på leir

Dei som har vore på leir før, synest ikkje sommaren er som han skal vere utan leir!
Kom du også, til festlege leirdagar!
Finn ein leir som høver for deg, og

ver snar med innmeldinga, slik at du får plass. Du er hjarteleg velkomen! Helsing frå leirleiarane og Barne- og ungdomsrådet, Bergen krins av Det Norske Misjonsselskap.

1.	16.-20. juni	Moster	9-12 år	kr. 155,—
2.	16.-20. juni	Kvamshaug	10-12 år	kr. 155,—
3.	21.-24. juni	Kvamshaug	9-11 år	kr. 120,—
4.	21.-24. juni	Kvamsseter	9-11 år	kr. 120,—
5.	26. jun.-1. juli	Kvamshaug	13-15 år	kr. 225,—
6.	3.-7. juli	Kvamshaug	9-11 år	kr. 155,—
7.	9.-14. juli	Kvamshaug	11-13 år	kr. 190,—
8.	9.-14. juli	Kvamsseter	13 år og oppover	kr. 230,—
9.	16.-21. juli	Kvamshaug	12-14 år	kr. 225,—
10.	23.-28. juli	Kvamshaug	10-12 år	kr. 190,—
11.	23.-28. juli	Kvamsseter	Familieleir Be om eige program	
12.	6.-11. aug.	Kvamsseter	13 år og oppover	kr. 230,—
13.	7.-11. juli	Brandøy	11-13 år	kr. 215,—

Til foreldra:

Vi gjev søskenmoderasjon til søsken som vert påmelde samstundes til same eller forskjellige leirar.

Barneleirane:

Ikkje innmeldingspengar. Ved evt. avmelding: Send gjerne kr. 6,— i fri-merke til dekking av utgifter.

Tenåringsleir/ungdomsleir:

(Leir nr. 5, 8, 9 og 12). Innmeldinga gjeld først når eit forskot på kr. 30,— av leirpengane er betalt over postgiro 5 70 02 16. Merk talongen med leirnummer. Forskot vert ikkje attendebetalt ved avmelding. Fordi vi ofte har ventelister på leirane, ber vi om at forfall vert meldt i god tid, seinast ei veke før leiren tek til.

Det vert sendt ut brev med melding om at ein har fått plass på leir. I det-

te brevet vert det også opplysningar om reisetider- og måtar, reiseleiarar m.m.

Trengs det nærare opplysningar, så snakk med oss! Telef. Bergen 310061, Kvamshaug (0507) 5678, Kvamsseter (055) 58962.

Vi ynskjer borna dykkar velkomne på leir, og vonar at dei vil like seg! Foreldra er velkomne til å sjå innom på leiren om det høver!

— KIRKENS SOS I BERGEN

- senter for samtale og sjelesorg
- for mennesker i en vanskelig livssituasjon
- åpent alle dager kl. 1900-0700
- tlf. 23 30 80

Ekspedisjonstider ved våre kontor:

DALE, tlf. 39 63 21
Måndag, tysdag,
onsdag og fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

VAKSDAL, tlf. 39 72 15
Tysdag og fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.00

STAMNES, tlf. 39 80 15
Måndag 9.30 14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

Stamnes Handelslag STAMNESHELLA

Dale Handelsforenin Dalekvam

TOMAS UTSKOTTS SKOFORRETNING Dalekvam

Vaksdal koop. Handelslag VAKSDAL

Tlf.: Kontor 39 71 12 — Snarkjøp 39 71 10
Kjøp i Dykkar eigen forretning

RADIOSPECIALEN $\frac{1}{5}$

Dalekvam
Tlf. 39 61 40

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN $\frac{1}{5}$

Dalekvam
Tlf. 39 61 58

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Dalekvam
Tlf. 39 62 23

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTA

Arthur og Arne Vaksdal KVIKKBAR

Dalekvam
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12

Ein verkstad for Guds Heilage Ande

Her ein dag kom eg over eit spørsmål fra barnemunn; som eg tykte høvde så godt inn i tilhøva her.

Barnet spurte: Kva gjer Gud heile dagen?

Mora svara: Eg trur Gud brukar dagen til å reparera alt det som menneskja har øydelagt.

Kan da dette vera aktuell tale på ein presteskole? Er det nokon som øydelegg for Gud her?

Vi må nok vedgå det. Kjente skadeinnsekt kjem rett som det er for å øyda hjarteåkeren og for å frynsa opp dei kjærleiksband som binn kristne søsken saman. Nokre av dei heiter: Tankelaust prat, uærlegdom, egoisme, sladder, misunning, hovmot, fornærming, trette, sinte ord osb.

«Mange talar tankelause ord som sting som sverd», seier den vise Salomo. Og Jakob minner oss om at tøymer vi ikkje tunga, er gudsyrdkinga vår fåfengt.

Djevelen ser ut til å vera særlig interessert i å setja inn med sine sløge åtak nett på denne plassen. Men øydeleggjaren har ikkje det siste ordet. Ei heidningkvinne som fekk høyra evangeliet for første gong, sa det slik: «Den som tek til å lytta til Guds ord, kan ikkje bli sitjande i si synd».

Denne plassen er og ein verkstad for Guds Heilage Ande. Det var det eg eigentleg vil fortelja deg, kjære forbedar. Heilaganden overtyder om synd, derfor går det ikkje så lang tid før den skuldige blir teken fram i lyset. For stolt natur — anten hjå elev eller lærar — kan det nok røynd hardt å vilja vedgå at ein har feila og må be om forlating. Men kvar gong det blir gjort, veit vi at Guds rike har

vunne siger, og det er glede både i himmel og på jord.

«For englar tek han seg då vel ikkje av, men Abrahams ætt tek han seg av». Hebr. 2,16. Vi er ikkje englar korke kvit eller svart. Men vi merkar at vi høyrer til Abrahams ætt som han tek seg av.

Takk til kvar ein som tek Presteskolen i Meiganga (Kamerun) med i bønene sine. Be om at vi framleis får vera i verkstaden hjå den Heilage Ande.

Solveig Bjøru
(NMS misjonær i Kamerun)

Kontrast

Taktfaste rop blandet med skrik bryter gjennom stillheten. Det er søndags morgen. Ingen tvil, det er et hedensk grav-fylge som passerer. «Hvorfor larmer hedningene?» Angst for det ukjente, frykten for fedreåndene! Gjennom skrik og rop fra kvinner og menn høres en ny lyd. — Det er kirkeklokkene som kaller til gudstjeneste — kalle til liv, håp og trygghet!

— Tankene går tilbake til nattens hendelse — «Nenibe» (mor) «nenibe»! Jeg tumler ut av senga og gnir søvnen utav øynene. Utenfor huset står tre pasienter fra Bekoaka. «Du må komme, det er en som trenger hjelp»! Like etter sitter vi i bilen på veg til Bekoaka. Tre sterke menn med spyd, kniv og stokk i sine hender —. Igjen et bevis på angst og redsel. Jeg har verken spyd eller stokk, men er trygg fordi jeg eier Ham som er Livet, Håpet og Tryggheten.

Inger Johanne Tveit
(NMS-misjonær på Madagaskar)

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

DALE:

Nils Jorulf Dale, f. 2.2.1980, døypt 3.4.
 Monica Langhelle, f. 4.12.1979, døypt 6.4.
 Jānet Hope, f. 29.1.1980, døypt 6.4.
 Wenche Mari Helle, f. 30.1.1980, døypt 4.5.

STAMNES:

Trond Hagen, f. 3.6.1964, døypt 30.3.

VAKSDAL:

Haavald Schjerven Roald, f. 31.12.1979, døypt 16.3.1980.
 Trond Endre Jørgensen, f. 24.12.1979, døypt 13.4.1980.

Elin Engelsen, f. 11.1.1980, døypt 13.4.1980.

VIGDE:

EIDSLAND:

Torleiv Lode og Evelyn Eide, vigde 2.4.

AVLIDNE:

DALE:

Thora Rødberg, f. 28.3.1894, død 14.4.1980, gravlagd 19.4.
 Gulrun Herfindal, f. 11.3.1904, død 19.4.1980, gravlagd 26.4.

STAMNES:

Marit Tøsse, f. 4.4.1928, død 2.5.1980, gravlagd 10.5.

VAKSDAL:

Bjarne Madsen, f. 30.5.1918, død 25.3.1980, gravlagd 1.4.
 Anna Malena Hanevik, f. 5.4.1884, død 9.3.1980, gravlagd 15.3.

Velkomen til kyrkje

4. søndag etter pinse 22. juni:

Nesheim kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.
 Dale kyrkje kl. 19.00. Sokneprest Steinnes.
 Offer.

5. søndag etter pinse, 29. juni:

Eidsland kyrkje kl. 11.30: Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00: Sokneprest Steinnes.

6. søndag etter pinse, 6. juli:

Dale kyrkje kl. 11.00.: Res.kap. Lofthus. Nattverd.

Stamnes kyrkje kl. 11.00: Soknepr. Steinnes.

7. søndag etter pinse, 13. juli:

Flatekval kyrkje kl. 11.00: Res.kap. Loftus. Nattverd.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00: Res.kap. Loftus. Nattverd.

8. søndag etter pinse, 20. juli:

Dale kyrkje kl. 11.00: Res.kap. Lofthus.

Bergsdalen kyrkje kl. 17.00: Res.kap. Loftus. Nattverd.

9. søndag etter pinse, 27. juli:

Eidslandet kyrkje kl. 11.00: Res.kap. Loftus.

10. søndag etter pinse, 3. august:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00: Res.kap. Lofthus.
 Stamnes kyrkje kl. 17.00. Res.kap. Lofthus.
 Nattverd.

11. søndag etter pinse, 10. august:

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Nesheim kyrkje kl. 11.30: Res.kap. Loftus. Nattverd.

12. søndag etter pinse, 17. august:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00: Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Eidslandet kyrkje kl. 17.00: Sokneprest Steinnes. Nattverd.

13. søndag etter pinse, 24. august:

Dale kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Lofthus.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.

14. søndag etter pinse, 31. august:

Stamnes kyrkje kl.11.00: Sokneprest Steinnes.

Flatekval kyrkje kl. 11.00: Res.kap. Loftus.

Hausvik og Faugstad $\frac{1}{2}$

Vaksdal

Telefon 39 72 13